



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 924 888 946
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS
Forretningsadresse: Haugsetvegen 33
6230 SYKKYLVEN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 27.03.2020 - 31.12.2020

Konsern

Mørselskap i konsern: Ja
Konsernregnskap lagt ved: Ja

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Trude Breivik
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 14.06.2021

Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 14.09.2022



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREKNESKAP			
Driftsresultat			
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på investering i annet foretak i samme konsern		6 500 000	
Sum finansinntekter		6 500 000	
Annan rentekostnad		5	
Annen finanskostnad		970	
Sum finanskostnader		975	
Netto finans		6 499 025	
Ordinært resultat før skattekostnad		6 499 025	0
Ordinært resultat etter skattekostnad		6 499 025	0
Årsresultat		6 499 025	0
Årsresultat etter minoritetsinteresser		6 499 025	
Overføringer og disponeringar			
Overført fra overkurs		-6 500 000	
Ordinært utbytte		6 500 000	
Avsatt til annen egenkapital		6 499 025	
Sum overføringer og disponeringar		6 499 025	



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGEDLAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap		130 782 443	
Sum finansielle anleggsmiddel		130 782 443	
Sum anleggsmiddel		130 782 443	0
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Konsernkrav		6 500 000	
Sum krav		6 500 000	
Bankinnskott, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter o.l.		4 025	
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		4 025	
Sum omløpsmiddel		6 504 025	0
SUM EIGEDLAR		137 286 468	0
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital		19 800 000	
Overkurs		104 446 873	
Sum innskoten eigenkapital		124 246 873	
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital		6 499 025	



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum opptent egenkapital		6 499 025	
Sum egenkapital		130 745 898	0
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Utbytte		6 500 000	
Annen kortsiktig gjeld		40 570	
Sum kortsiktig gjeld		6 540 570	
Sum gjeld		6 540 570	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		137 286 468	0



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekter	13	66 936 726	85 138 649
Anna driftsinntekt		12 122 813	18 097 056
Sum inntekter		79 059 539	103 235 705
Kostnader			
Varekostnad		13 467 563	16 581 832
Lønnskostnad	11,12	13 145 934	16 519 907
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	5	14 678 655	13 047 505
Annan driftskostnad	11	31 204 045	31 246 524
Sum kostnader	4	72 496 197	77 395 768
Driftsresultat	4	6 563 342	25 839 937
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		69 806	45 934
Anna finansinntekt		154 893	47 805
Sum finansinntekter		224 699	93 739
Annan rentekostnad		2 640 634	2 745 140
Annan finanskostnad		202 568	166 915
Sum finanskostnader		2 843 202	2 912 055
Netto finans		-2 618 503	-2 818 316
Ordinært resultat før skattekostnad		3 944 839	23 021 621
Skattekostnad på ordinært resultat	10	1 027 909	5 115 243
Ordinært resultat etter skattekostnad		2 916 930	17 906 378
Årsresultat		2 916 930	17 906 378
Overføringer og disponeringar			
Ordinært utbytte		6 500 000	7 000 000
Udekt tap		2 916 930	10 906 378
Overført fra overkurs		-6 500 000	



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum overføringer og disponeringar		2 916 930	17 906 378



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	10	5 325 888	5 243 199
Sum immaterielle egedelar		5 325 888	5 243 199
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom		288 389 512	264 085 075
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande		6 098 602	5 962 902
Sum varige driftsmiddel	5,9	294 488 114	270 047 977
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar	7	355 703	418 026
Andre krav		1 131 824	1 005 625
Sum finansielle anleggsmiddel		1 487 527	1 423 651
Sum anleggsmiddel		301 301 529	276 714 827
Omløpsmiddel			
Varer			
Varer		2 692 313	2 278 434
Sum varer		2 692 313	2 278 434
Krav			
Kundekrav	9	19 612 997	21 566 969
Andre krav	14	741 229	1 125 029
Sum krav		20 354 226	22 691 998
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	3	2 326 807	2 161 024
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		2 326 807	2 161 024
Sum omløpsmiddel		25 373 346	27 131 456
SUM EIGEDELAR		326 674 875	303 846 283



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	2	19 800 000	19 800 000
Overkurs		104 446 873	47 035 853
Sum innskoten eigenkapital		124 246 873	66 835 853
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		2 823 188	63 824 419
Sum opptent eigenkapital		2 823 188	63 824 419
Sum eigenkapital	2	127 070 061	130 660 272
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter	12	3 174 220	3 035 006
Sum avsetjinger for plikter		3 174 220	3 035 006
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		131 045 500	106 495 500
Sum anna langsiktig gjeld	9	131 045 500	106 495 500
Sum langsiktig gjeld		134 219 720	109 530 506
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	3,9	11 241 091	6 595 002
Leverandørgjeld		10 673 764	12 828 903
Betalbar skatt	10	1 110 598	4 204 981
Skuldige offentlege avgifter		7 526 698	9 467 113
Utbytte		6 500 000	7 000 000
Annen kortsiktig gjeld		18 829 194	16 059 860
Fond meir/mindreinntekt	6,8	9 503 749	7 495 646
Sum kortsiktig gjeld		65 385 094	63 651 505
Sum gjeld		199 604 814	173 182 011
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		326 674 875	303 842 283



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
---------------------	-------------	-------------	-------------



Sykkylven Energi Holding AS

Årsmelding 2020

Styret si melding	s 1 - 5
Melding fra uavhengig revisor	s 7 - 8
Resultatrekneskap	s 9
Balanse	s 10 – 11
Noter	s 12-26
Kontantstraumanalyse	s 27
Samfunnsrekneskap	s 28



Styret si melding:

Sykkylven Energi Holding AS blei stifta 27. mars 2020. Selskapet har vært utan drift og utan tilsette i 2020.

Hovudkontoret er lokalisert i Sykkylven og selskapet er 100 % eigd av Sykkylven kommune.

Styret består av desse medlemmane:

Steinar J. Bakke (leiar), Kristin Grebstad (nestleiar), Jarle Strømmegjerde, Odd Arne Krüger, Renate Karlsen, Halvard Hjorthol og Arvid Skinnes.

Styret har avhalde 2 styremøte i 2020 og 7 protokollerte saker er handsama.

Organisering:

Frå 1. januar 2021 er det krav til selskapsmessig skilje mellom EL-distribusjon (nettverksemda) og anna verksemd. For å tilpasse seg dei lovpålagte krava blei Sykkylven Energi konsernet etablert. Sykkylven Energi Holding AS blei stifta i mars 2020 og Straumen Nett AS blei stifta i juli 2020. Begge selskap har vært utan drift og utan tilsette i oppstartsåret. Hausten 2020 vart det vedteke å fisjonere nettverksemda frå Sykkylven Energi AS til Straumen Nett AS. Rekneskaps messig vil omorganiseringa gjelde frå 01.01.2021. Frå same dato er tilsette overført til dei nye selskapa.

Sykkylven Energi konsernet (SE konsern) består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS (SE Holding), og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS (SE) og Straumen Nett AS. I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

Det meste av konsernets aktivitet har i 2020 vært utført i regi av Sykkylven Energi AS. SE har hatt ansvar for transport av energi (nettverksemda), samt ansvar for drift og utbygging av kommunen sine anlegg innan vatn, avløp og renovasjon. SE har 3 egne kraftstasjonar med ein samla produksjon på ca. 51 GWh i eit normalår. SE er også engasjert i utbygging og utleige av fiber i store delar av kommunen. Alt personell har i 2020 vært tilsett i SE.

Sykkylven Miljøpark AS driv med utleige av eigedom (Sykkylven Miljøstasjon).

Økonomi:

Det har ikkje vore aktivitet i SE Holding i 2020, og driftsresultatet for året vart difor kr. 0. Samla driftsinntekter for SE konsernet i 2020 var kr 79.059.539 (103.235.705) medan samla driftskostnader var kr 72.496.197 (77.395.768). Driftsresultatet vart kr 6.563.342 (25.839.937).

Årsresultatet etter skatt ble på 6.499.025 kr. for SE Holding AS. Årsresultatet består hovudsakeleg av utbytte frå Sykkylven Energi AS. Utbytte er ikkje skattepliktig, det er difor ingen skattekostnad for 2020. Årsresultat før skatt for SE konsernet viser kr 3.944.839 (23.021.621) og resultat etter skatt kr 2.916.930 (17.906.378).

Resultatet i 2020 er prega av historisk låge kraftprisar. Produksjon frå egne kraftstasjonar er normalt den viktigaste bidragsytaren til konsernet sitt resultat, men dei låge kraftprisane i 2020 medførte eit



negativt resultatbidrag frå kraftproduksjonen. Vi har gjennom året hatt gode tilsig til magasinane og vi produserte til saman 55,1 GWh i våre 3 kraftstasjonar. Spotprisen på eigenprodusert kraft vart i 2020 på 9,56 øre kWh, noko som er 73,4 % lågare enn gjennomsnittsprisen for perioden 2017-2019 (35,97 øre kWh). Styret forventar eit godt resultatnivå framover, men resultatet vil vere sterkt avhengig av kraftprisane i marknaden. Kraftprisane for 2021 ser ut til å verte betre enn i 2020, noko som vil vise igjen på resultatet for 2021.

SE konsernet sin marknadsrisiko er avgrensa. Resultatet frå kraftproduksjonen blir påverka av tilsigssituasjonen og kraftpris. SE kan nytte finansielle instrument for å prissikre deler av inntektene frå kraftproduksjonen. Dei finansielle kontraktane handlast på Nasdaq OMX-børsen. SE har i 2020 ikkje hatt aktive sikringskontraktar. SE konsernet er vidare eksponert for valutarisiko som følgje av at oppgjersvalutaen for kraftsalet er i Euro. SE har i 2020 tap frå valutakontrakter på kr 640.000. Selskapet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle risikoeksponeringa.

SE konsernet sin likviditetsrisiko er per 31.12.20 låg. Det er gjennomført store investeringar dei siste åra, som i hovudsak er finansiert med låneopptak. Konsernet vil difor i større grad vere eksponert for endringar i rentemarknaden. Konsernet har frå 2021 inngått avtale om konsernfinansiering av langsiktig gjeld. SE Holding sin egenkapitalprosent er ved årsskiftet 95,2 %. SE konsernet har ein egenkapitalprosent på 38,9% (43,0%)

SE Holding og SE konsernet har ei tilfredsstillande finansiering. Med ein total kapital i konsernet på kr 326.674.875 (303.846.283) og ein egenkapital på kr 127.070.063 (130.664.273) vurderer styret SE Holding og SE konsernet sin finansielle stilling etter utbytteutdeling som tilfredsstillande.

Brutto investeringar i konsernet i 2020 utgjorde 55,7 mill. kr. Delar av finansieringa er dekt gjennom anleggsbidrag og tilskot (16,2 mill. kr). Netto investeringar finansiert av konsernet var såleis på 39,5 mill. kr. Investeringane er fordelt med 10,0 mill. kr. til VAR-anlegg, 7,0 mill. kr. til nettverksemda og 21,4 mill. kr. til fiberprosjekt. Investeringar elles gjeld EDB-anlegg, bilpark og gatelys. Selskapet vil også i 2021 gjennomføre betydelege investeringar, men forventar ein reduksjon i 2022 og dei følgjande åra.

El-distribusjon:

Totalt vart det i SE konsernet sitt linjenett transportert 133,5 GWh. Tap i nettet var på 6,8 GWh (5,13 % av totalt transportert i nettet). Energi levert til sluttbrukarar i kommunen var 120,6 GWh.

Transportert energimengde har dei siste åra vore nokså stabil.

I 2020 vart det henta inn 3,6 mill. kr. meir enn inntektsramma vår tillèt. Berekna meirinntekt inkl. renter i balansen pr. 31.12.20 er på 6,0 mill. kr.

Kostnader til transport av energi i ovanfor liggjande nett (nettleige til Mørenett AS og til Statnett SF) var på 10,8 mill. kr. Dette utgjer 29,5 % av nettleiga til kundane i Sykkylven i 2020.

Kostnader grunna avbrot i elforsyninga i eige nett, KILE, er i 2020 kr 1.061. 000 (kr 898. 000 på grunn av driftsforstyringar og kr 163. 000 på grunn av varsla avbrot).

Frå 2021 er nettverksemda fisjonert ut frå SE til det nystifta selskapet Straumen Nett AS, for å tilpasse seg dei lovpålagte krava om selskapsmessigs skilje.

Vatn, avløp og renovasjon:

Dei lovpålagte oppgåvene SE konsern utfører på vegne av Sykkylven kommune skal utførast til



sjølvkost. Sjølvkost vil seie at abonnentane skal betale meirkostnaden ved å produsere ei teneste. Selskapet skal gå i økonomisk balanse på sjølvkosttenestene. Sjølvkostresultatet blir overført til sjølvkostfond.

Samla inntekter frå gebyr for vatn, avløp og renovasjon var på kr 26.971.061, medan driftskostnadane var kr 27.831.912. Dei akkumulerte sjølvkostfonda var pr. 31.12.2020 på kr 3.475.757. For vatn vart fondet redusert med kr 1.095.438 til kr 1.853.506, for avløp vart fondet redusert med kr 304.207 til kr -776.644 (negativt fond). For renovasjon vart fondet redusert med kr 254.271 slik at samla positivt fond innan dette området pr. 31.12.2020 er kr 2.398.895. Samla reduksjon i sjølvkostfonda for alle område vart dermed kr 1.653.917 i 2020.

ÅRIM (Ålesundsregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS) har ansvaret for innsamlinga av hushaldsavfallet, samt drifta av miljøstasjonane.

Standard- og kvalitetshevinga innan VAR-sektoren dei siste åra er eit resultat av oppfølginga av gjeldande hovudplanar.

Produksjon i egne kraftstasjonar:

Riksheim kraftstasjon	31,2	GWh
Riksheimdal kraftstasjon	19,8	GWh
Ramstaddal kraftstasjon	4,0	GWh
<u>Sum eigenproduksjon</u>	<u>55,1</u>	<u>GWh</u>

Spotinntekta frå 55,1 GWh var 5,3 mill. kr, dette gir ein gjennomsnittleg pris på 9,56 øre/ kWh eks mva. Utover dette har SE konsernet hatt ekstraintekter frå sal av opprinnelsesgarantiar på 193.065 kr. For Grøne sertifikat frå Riksheim kraftstasjon er det ført eit tap på 250.151 kr. i 2020. Tapet skyldast prisfall på SE konsernet sin behaldning av grønne sertifikat gjennom året. Det har ikkje vore nytta finansielle sikringskontraktar i 2020.

Fiber:

SE konsernet leverer fiber i Sykkylven kommune, og har ein samarbeidsavtale med NextGenTel for tenesteleveranse til hushaldskundar. Næringslivskundar i Sykkylven kan fritt velje leverandør av breibands- og IKT-tenester gjennom SE konsernet sitt fibernet.

Arbeidsmiljø og likestilling:

Arbeidsstokken i selskapet er stabil og ved rekneskapsåret sin utgang var det i alt 23 tilsette (5 kvinner og 17 menn) som utførte 22,0 årsverk. SE konsernet har i tillegg hatt ein lærling i 2020. SE konsernet har ei målsetting om å alltid ha ein lærling innan EL. Alt personell har i 2020 vært tilsett i SE.

Det er lagt til rette for at begge kjønn kan tilsettast i alle stillingar i konsernet, og under elles like føresetnader vert kjønnsbalanse prioritert ved tilsetting. I styret er det 2 kvinner og 5 menn.

SE konsernet har to verneombod, den eine er valt til hovudverneombod. SE konsernet er også medlem av Sykkylven Bedriftshelseteneste. Sjukefråværet var i 2020 på 4,6 %. Arbeidsmiljøet vert vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje registrert yrkesskadar eller arbeidsulykker i 2020.

Pensjonsansvaret er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). SE



konsernet sine pensjonsforpliktingar er aktuarberekna til kr 3.174.218. Beløpet er rekneskapsført. Endringar i parameter for berekning av framtidige pensjonsforpliktingar gjer at den ikkje rekneskapsførde delen av forpliktingane (12,1 mill. kr) er auka i forhold til 2019 (7,4 mill. kr).

SE konsernet er medlem i «Samfunnsbedriftene» - ein arbeidsgjevar- og næringspolitisk interesseorganisasjon for bedrifter eigd av kommunar og fylkeskommunar.

Diskriminering

Konsernet godtek inga form for diskriminering. Det omhandlar lik behandling for alle, uavhengig av etnisitet, nasjonalitet, kjønn, hudfarge, religion og livssyn. Personalpolitikken skal vere tilrettelagt for å stimulere til ei aktiv likehandsaming med fokus på ikkje-diskriminerande åtferd.

Forsking og utvikling

Selskapet har for tida ingen større pågåande forskings- og utviklingsprosjekt i eigen regi. SE konsernet har deltatt i eit bransjespesifikt FOU prosjekt i 2020 med kr 34.000.

Ytre miljø:

SE konsernet er underlagt ulike myndigheiter når det gjeld vern av det ytre miljø og selskapet arbeider kontinuerleg for å redusere utsleppa til det ytre miljøet.

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennleg sett i forhold til dei fleste andre energikjelder. Likevel påverkar utbyggingar det ytre miljøet. Energiproduksjon og -distribusjon som skjer i regi av SE konsernet må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre. I Sykkylven har vi i dag nær 70 % av straumnettlet lagt som jord- og sjøkabel, noko som er godt over landsgjennomsnittet og andre selskap omkring oss. Eit anna døme er prosjektet på Riksheim Kraftverk, der rørgata er sprengt ned i fjell.

SE konsernet drifrar dei offentlege avløpsanlegga i kommunen. I den nye hovudplanen for avløp er det ei overordna målsetting at tilknyttinga til hovudreinseanlegga skal aukast og alle ureinsa utslepp skal sanerast. Reinsekrava i avløpsforskrifta skal oppfyllest og utsleppa skal ha akseptabel resipientpåverknad.

Generelt:

Styret vurderer at vilkåra for framleis drift for selskapet er til stades, og årsrekneskapan for 2020 er sett opp under denne føresetnaden.

SE konsernet har arbeidd for å ha godt samarbeid med andre energiverk i området. Viktigaste samarbeidspartar er Mørenett, Nordvest Nett og Stranda Energiverk. Det er elles etablert samarbeid om innkjøp av materiell og varer. Dei fleste energiverk i fylket er med i innkjøpssamarbeidet, og det er gjennom stort volum oppnådd gode vilkår.




Disponering av årsresultat Sykkylven Energi Holding AS

Styret foreslår følgende disponering av overskotet etter skatt på kr 6.499.025 for 2020:


- kr 6 500 000 vert utbetalt som utbytte til eigar.
- kr 6 500 000 vert overført frå overkurs
- kr 6 499 025 vert overført til annan eigenkapital.

Styret for Sykkylven Energi Holding AS, 15. april 2021


Steinar Johan Bakke
Styreleiar



Kristin Grebstad
Nestleiar


Jarle Strømmegjerde
Styremedlem


Odd Arne Krüger
Styremedlem


Renate Karlsen
Styremedlem


Halvard Hjorthol
Styremedlem


Arvid Skinnnes
Styremedlem


Per Arne Edvardsen
Adm.dir



Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer

Revisor Klokk AS

Postboks 197
6239 Sykkylven

www.revisorklokk.no

Telefon: 70 25 48 10

Epost: tormod@revisorklokk.no

Til generalforsamlingen i

Sykkylven Energi Holding AS
6230 Sykkylven

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR FOR 2020

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert **Sykkylven Energi Holding AS'** sin årsrekneskap som viser eit overskot for selskapsrekneskapen på kr 6.499.025 og eit overskot for konsernrekneskapen på kr 2.916.930, og etter vår meining:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet Sykkylven Energi Holding AS si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.
- Gir konsernrekneskapen eit rettvisande bilete av konsernet Sykkylven Energi si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Årsrekneskapen består av:

- Selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.
- Konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av introduksjon av selskapet og konsernet, nøkkeltal, styrets årsmelding og samfunnsrekneskap, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Våre fråsegnar om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

Medlemmer av Den norske Revisorforening
Revisorregisteret/Foretaksregisteret NO 999 125 484 MVA
Autorisert regnskapsførerselskap



Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare skildring av revisors oppgåver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Sykkylven, 15. april 2021

Revisor Klokk AS

Tormod Klokk

statsautorisert revisor



Sykkylven Energi Holding AS

Sykkylven Energi konsern

Morselskap

2020	2019	Resultatregneskap	Note	2020	2019
		Driftsinntekter og driftskostnader			
-	-	Salsinntekter	13	66 936 726	85 138 649
-	-	Anna driftsinntekt		12 122 813	18 097 056
-	-	Sum driftsinntekter	4	79 059 539	103 235 705
-	-	Varekostnader		13 467 563	16 581 832
-	-	Lønskostnader m.m.	11, 12	13 145 934	16 519 907
-	-	Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle egedelar	5	14 678 655	13 047 505
-	-	Annan driftskostnad	11	31 204 045	31 246 524
-	-	Sum driftskostnader	4	72 496 197	77 395 768
-	-	Driftsresultat	4	6 563 342	25 839 937
6 500 000	-	Inntekt på investering i annet foretak i same konsern		-	-
-	-	Anna renteinntekt		69 806	45 934
-	-	Anna finansinntekt		154 893	47 805
5	-	Annan rentekostnad		2 640 634	2 745 140
970	-	Annan finanskostnad		202 568	166 915
6 499 025	-	Resultat av finanspostar		(2 618 503)	(2 818 316)
6 499 025	-	Resultat før skattekostnad		3 944 839	23 021 621
-	-	Skattekostnad på ordinært resultat	10	1 027 909	5 115 243
6 499 025	-	Ordinært resultat		2 916 930	17 906 378
-	-	Ekstraordinære inntekter og kostnader		-	-
6 499 025	-	Årsoverskot		2 916 930	17 906 378
6 500 000	-	Overføringar		6 500 000	7 000 000
(6 500 000)	-	Avsett til utbyte		(6 500 000)	-
6 499 025	-	Overført fra overkurs			
6 499 025	-	Til/frå annan eigenkapital		2 916 930	10 906 378
6 499 025	-	Sum overføringar		2 916 930	17 906 378




Sykkylven Energi Holding AS		Sykkylven Energi konsern			
2 020	2019	Balanse	Note	2020	2019
EIGEDELAR					
Anleggsmiddel					
Immaterielle egedelar					
-	-	Utsett skattefordel	10	5 325 888	5 243 199
-	-	Sum immaterielle egedelar		5 325 888	5 243 199
Varige driftsmiddel					
-	-	Tomter, bygningar o.a. fast egedom		288 389 512	264 085 075
-	-	Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr		6 098 602	5 962 902
-	-	Sum varige driftsmiddel	5, 9	294 488 114	270 047 977
Finansielle driftsmiddel					
130 782 443	-	Investeringar i dotterselskap	7	0	0
-	-	Investeringar i aksjar og delar	7	355 703	418 026
-	-	Obligasjonar og andre fordringar		1 131 824	1 005 625
130 782 443	-	Sum finansielle anleggsmiddel		1 487 527	1 423 651
130 782 443	-	Sum anleggsmiddel		301 301 528	276 714 827
Omlaufsmiddel					
-	-	Lager av varer og anna behaldning		2 692 313	2 278 434
Fordringar					
-	-	Kundefordringar	9	19 612 997	21 566 969
6 500 000	-	Fordringar på selskap i same konsern		0	0
-	-	Andre fordringar	14	741 231	1 125 030
6 500 000	-	Sum fordringar		20 354 228	22 691 999
4 025	-	Bankinnskott, kontantar o.l.	3	2 326 807	2 161 024
6 504 025	-	Sum omlaufsmiddel		25 373 347	27 131 456
137 286 468	-	Sum egedelar		326 674 875	303 846 283



Sykkylven Energi Holding AS		Sykkylven Energi konsern			
2 020	2019	Balanse	Note	2020	2019
EIGENKAPITAL OG GJELD					
Innskoten egenkapital					
19 800 000	-	Aksjekapital 33 á 300000		19 800 000	19 800 000
104 446 873	-	Overkurs		104 446 873	47 035 853
124 246 873	-	Sum innskoten egenkapital	2	124 246 873	66 835 853
Opptent egenkapital					
6 499 025	-	Annan egenkapital		2 823 188	63 828 419
6 499 025	-	Sum opptent egenkapital		2 823 188	63 828 419
130 745 898	-	Sum egenkapital	2	127 070 062	130 664 273
Gjeld					
-	-	Avsetjing for forpliktingar			
-	-	Pensjonsplikter	12	3 174 220	3 035 006
-	-	Sum avsetjing for forpliktingar		3 174 220	3 035 006
Anna langsiktig gjeld					
-	-	Gjeld til kredittinstitusjonar		131 045 500	106 495 500
-	-	Sum annan langsiktig gjeld	9	131 045 500	106 495 500
Kortsiktig gjeld					
-	-	Gjeld til kredittinstitusjoner	3,9	11 241 091	6 595 002
-	-	Leverandørgjeld		10 673 764	12 828 903
-	-	Betalbar skatt	10	1 110 598	4 204 981
-	-	Skattetrekk og andre trekk		7 526 698	9 467 113
6 500 000	-	Utbyte		6 500 000	7 000 000
-	-	Fond meir/mindreinntekt	6,8	9 503 749	7 495 646
40 570	-	Anna kortsiktig gjeld		18 829 194	16 059 861
6 540 570	-	Sum kortsiktig gjeld		65 385 094	63 651 505
6 540 570	-	Sum gjeld		199 604 813	173 182 010
137 286 468	-	Sum gjeld og egenkapital		326 674 875	303 846 283

Styret for Sykkylven Energi Holding AS, 15. april 2021



Steinar Joben Bakke
Styreleiar


Kristin Grebstad
Nestleiar


Per Arne Edvardsen
Adm. Dir.


Halvard Hjorthol


Jarle Strømmegjorde


Odd Arne Krüger


Arvid Skinnes


Renate Karlsen



Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Konsolideringsprinsipp

Sykkylven Energi konsernet består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS, og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS og Straumen Nett AS. I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

Sykkylven Energi Holding AS blei stifta i mars 2020 og Straumen Nett AS blei stifta i juli 2020. Begge selskap har vært utan drift og utan tilsette i oppstartsåret. Hausten 2020 vart det vedteke å fisjonere nettverksemda frå Sykkylven Energi AS til Straumen Nett AS. Rekneskaps messig vil omorganiseringa gjelde frå 01.01.2021. Frå same dato er tilsette overført til dei nye selskapa.

I konsernrekneskapen er posten aksjar i dotterselskap erstatta med dotterselskapet sine egedelar og gjeld. Konsernrekneskapen er utarbeidd som om konsernet var ei økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert.

Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta prinsipp, ved at dotterselskapa følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

I dei høve det er satt opp samanlikningstal for 2019, er desse satt opp med Sykkylven Energi AS som morselskap i konsernet.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet (transaksjonstidspunktet) Inntektsføring av tenester skjer etter kvart som tenesta vert levert.

Nettverksemda er regulert av styresmaktene, ved at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fastset årleg inntektsramme for selskapet. Inntektsramma inntektsføres, inkludert renter av meir- mindreinntekt frå tidlegare år.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld

Egedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre egedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar som skal betalast attende innan eitt år, er klassifisert som omløpsmiddel.

Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til reell verdi når ein ventar at verdifallet ikkje er forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne etter planen. Langsiktige lån blir balanseført til nominelt motteke beløp på tidspunktet for etableringa.

Omløpsmiddel blir vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Kortsiktig gjeld blir ikkje skrive opp til reell verdi som følgje av renteendring.

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert etter kursen på balansedagen.

Enkelte postar er vurdert etter andre prinsipp og blir gjort greie for nedanfor.

Aksjar i andre selskap.

Aksjar i andre selskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir oppført til pålydande etter fråtrekk for avsetjing til forventta tap.

Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde fordringane. For andre

kundefordringar blir det i tillegg gjort ei uspesifisert avsetjing for å dekkje forventta tap.

Meir/mindre inntekt nettverksemd

Avvik mellom faktiske tariffinntekter og inntektsramma gitt av NVE vert utrekna i form av ei meir/mindreinntekt.

Akkumulert meir/mindreinntekt vert rekneskapsført anten som gjeld til, eller fordring på nettkundane. Av akkumulert meir/mindreinntekt vert det berekna rente etter satsar fastsett av NVE.

**Meir/mindreinntekt vatn, avløp og renovasjon**

For å sikre at egedomsgebyra vert meir stabile over tid vert årets meir/mindreinntekt i forhold til innkrevd gebyr, avsett til egne fond i balansen. Fonda vert handsama som fordring eller gjeld alt etter om dei er positive eller negative. Fonda vert renteberekna.

Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar og liknande inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel for forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Pensjonar

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariff-festa tenestepensjonsordninga blir dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Selskapet si plikt er bokført.

Skattar

